



Sak 6 Fråsegner

Ei fråsegn kan ha ulike funksjonar i ein organisasjon. Det kan til dømes ha form som ei pressemelding eller ein politisk uttale i ei sak, som blir sendt til ulike instansar. Ei fråsegn kan også ha funksjon som politikkkutforming, for å utforme eller stadfeste politikk i ulike saker. Ei fråsegn kan vere retta både eksternt ut av organisasjonen, eller internt i organisasjonen, for å gje styret ei politisk plattform i ulike saker.

Styret i Noregs Ungdomslag legg fram to fråsegner for landsmøtet, og inviterer i tillegg utsendingane til å fremje forslag til fråsegner som landsmøtet skal ta stilling til. Nærare fristar for å levere fråsegner blir regulert av forretningsorden for møtet.

Styret sine forslag til fråsegner har følgjande tema:

- 1 Eigedomsskatt på ungdomshus er sjofelt!
- 2 Norsk språk i ei smart framtid

Det er redaksjonskomiteen som innstiller på vedtak av dei ulike fråsegnene.

Fråsegn 1 Eigedomsskatt på ungdomshus er sjofelt!

Eigedomsskatt er noko som engasjerer mange, og ein kan meinte så mangt om saka. Men når det kjem til organisasjonseigde kulturhus som ungdomshus og grendehus burde saka vere enkel. Ein legg ikkje skatt på dugnad og frivillig innsats!

Lovverket seier i dag at kommunar kan velje å frita organisasjonseigde hus frå eigedomsskatt om dei måtte ønskje det, med heimel i §7 i eigedomsskattelova. Langt på veg alle kommunar vel å gjere dette, og det skal dei ha ros for, men det burde i utgangspunktet ikkje vere ei skjønnsvurdering. Det er òg stor skilnad i korleis fritaket vert praktisert.

I mange kommunar er det gjort prinsippvedtak om å frita ungdomshusa o.l. for eigedomsskatt, noko som per i dag er det beste ein kan gjere. I andre kommunar gjer ein vedtak om fritak for eitt år om gongen. Somme stader er det ei fast liste over eigedomar som vert vedteke så ein slepp å søke, men somme stader må laga søke kvart einaste år.

Hadde kommunen eller staten teke over ansvaret for alle dei frivillig eigde kulturhusa rundt om i landet hadde dei automatisk vorte fritakne utan noko byråkratiske vedtak å sno seg rundt. Kvifor skal dei frivillige verte handsama annleis?

Det skal vere enkelt å drive dugnad og frivillig arbeid i Noreg. Difor krev Noregs Ungdomslag at organisasjonseigde kulturhus med ålmennyttige føremål skal fritakast for eigedomsskatt på generelt grunnlag på lik linje med tilsvarande hus eigd av stat og kommune.

Fråsegn 2 Norsk språk i ei smart framtid

Teknologien kring oss er i stadig endring, og digitaliseringa får fotfeste på stadig fleire samfunnsområde. Det meste av ny teknologi blir først laga på engelsk, før det vert omsett til andre språk. Nordmenn er i verdstoppen med å ta i bruk ny teknologi, og allereie før dei var tilgjengelege på norsk var smarthøgtalarar som Amazons Alexa og Google Home tekne i bruk av omlag 120 000 nordmenn. Om norsk språk skal ha sjans til å vere med på utviklinga trengs det gode norske språkressursar.

Me kan ikkje vente at store utanlandske selskap skal ta på seg ansvaret med å legge til rette for at det norske språkmangfaldet skal inn i teknologien deira. Det må Noreg gjere sjølv. Google sjølv har sagt at det ikkje er tal brukarar av eit språk som er avgjerande om dei legg det inn i sine system, men kor store og gode språkdata som er tilgjengelege.

Det skal vere naturleg å kunne bruke sin eigen dialekt, uansett kor ein kjem frå, når ein skal samtale med Siri, Alexa eller Google Home. Det skal vere like naturleg å møte nynorsk som bokmål i våre favoritt-appar. Me i Noregs Ungdomslag meiner at framtidens smartdingsar skal, og må, forstå heile det norsk språket, både i skrift og tale.

Noregs Ungdomslag støtter Språkrådets framtidsutval, og ønskjer

- ei fornya satsing på språkdata som speglar norsk talemål og skriftspråk
- at ein særskild instans får ansvar for å koordinere og drive fram arbeidet med å samle inn ressursar til norske språkteknologiske produkt, basert på eit kontinuerlig strategi- og kartleggingsarbeid
- at krav til språkleg tilgang og kvalitet blir tatt inn i regelverket for offentlege innkjøp

Kjelder:

<https://sprakinorge.no/kapitler/ein-sprakteknologisk-kvardag/>